

Fra: Audhild Olaisen <audhilo@online.no>
Sendt: torsdag 26. august 2021 13:45
Til: postmottak
Emne: høringsuttalelse plan Lloyds marked

Vedtak ang plan for Lloyds marked bør utsettast og bli vurdert saman med plan for Øya og Tippen. Dette er i realiteten eitt område. Det bør også leggest fram alternative planar som tar meir hensyn til heile det sentrale landskapsrommet som innbefattar både nord- og sørsida av fossen som også er det historiske sentrum i Hønefoss. Derfor bør heile prosjektet utsettast til alternativ ligg på bordet.

Nåverande plan viser ei utbygging som blir for tett og høg samt ligg for nær fossen. Denne bygningsmassen vil både ta luven frå nåverande, historisk viktige bygningar i området og vil splitte opp det historiske landskapsrommet. Det vil bli som ein mur mot fossen og nordre bydel. Det store, vakre landskapsrommet som innbefattar både nordre og søndre bysentrum bør bevarast, ikkje splittast opp.

Med helsing
Audhild Olaisen


Hønefoss